

Inkludering gjennom tradisjonshandverk

Lurt å ha tenkt gjennom før kursstart.

Kvifor inkludering?

Inkludering er viktig – og vi må vite *kvifor* vi gjer det.

Nye nordmenn treng ofte øving i norsk språk, og meir innsikt i det norske samfunnet og korleis det fungerer. Dei treng nettverk og ei kjensle av å høyre til. Då kan kombinasjonen av språkøving, inkludering og eit praktisk arbeid vere svært nyttig – til dømes eit tradisjonshandverk. Slike aktivitetar er kjende i dei fleste kulturar og skaper ein naturleg møteplass.

Er laget klart?

Det er viktig at heile laget står bak initiativet.

Å arrangere kurs bør ikkje vere ansvaret til éi eldsjel aleine – ver fleire som drar i lag. Forankring i laget skapar engasjement, eigarskap og betre resultat.

Om de ønskjer erfaringar frå andre lag som har arrangert liknande kurs, ta kontakt med **Studieforbundet kultur og tradisjon (SKT)**. Vi kan bidra med å sette dykk i kontakt. Eit digitalt møte kan vere både nyttig og inspirerende. Deling av erfaring er sjeldan feil!

Finn deltakarane

Undersøk om det finst potensielle deltakarar.

Ta gjerne kontakt med flyktningkonsulent eller integreringsansvarleg i kommunen – dei veit ofte kven som kan ha interesse av å delta.

Ikkje sett i gang store planar før de veit at det finst deltakarar.

Er det mange deltakarar med ulike føresetnader, kan det vere lurt å vurdere to kurs.

Har de arrangert eit liknande kurs tidlegare? Då kan tidlegare deltakarar gjerne vere med igjen.

Dei kan vere ressursar – som støttar, tolkar eller skapar tryggleik for nye deltakarar.

Tilrettelegging

Tenk gjennom praktiske behov:

- Kvar bur deltakarane?

- Treng dei transport til kurslokalet?
- Treng dei tolk?
- Er det behov for barnepass eller leksehjelp for barna medan kurset pågår?

Ein kan søke **tilretteleggingstilskot gjennom SKT** til desse behova.
Ikkje la økonomi hindre gjennomføring.

Kor mange deltakarar og korleis legge opp kurset?

Passande tal deltakarar avheng av kurstypen og kor mykje oppfølging kvar deltakar treng.

Tenk *prosess, ikkje produkt*. Målet er ikkje nødvendigvis den perfekte hekla duken. Det viktigaste er samtalen, møta og læringa som skjer undervegs.

Kor lenge skal kurset vare?

Start med eit lite og overkomeleg opplegg, til dømes:

2 timar, ein kveld i veka, i 3–4 veker

Evaluer undervegs: Kva fungerer bra? Kva bør endrast?

Ikkje spikr opplegget heilt på førehand – ver førebudd, men fleksibel.

Lokale

- Vel eit lokale som er lett å kome til – gjerne sentrumsnært
- Tenk gjennom bordoppsett: langbord for felles aktivitet, små bord for individuell rettleiing
- Nokre kurs kan også gjennomførast ute, avhengig av type handverk

Ønskjer de hjelp med å komme i gang?

Ta kontakt med *Studieforbundet kultur og tradisjon (SKT)* – vi hjelper gjerne!